

# Utkast til retningslinjer for kulturmidlar i Radøy kommune

## 1. Kulturmidlar

Kulturmidlar er midlar Radøy kommune set av i kommunebudsjettet kvart år til utvikling av kulturfeltet i kommunen. Rammene vert fastsett i årsbudsjettet og vil variera frå år til år.

## 2. Kven kan få tilskot?

Kommunale kulturmidlar kan gjevast til lag, foreiningar og organisasjonar som har sitt virke i Radøy kommune. Regionale organisasjonar og fylkesorganisasjonar kan få tilskot dersom midlane vert øyremerkte verksemd i Radøy kommune, og det ikkje finst lag i kommunen som ivaretar denne aktiviteten. Det er då ein føresetnad at organisasjonen har medlemmer som er busette i Radøy kommune.

Har ei foreining/organisasjon i kommunen sjølvstendige under-/særgrupper, vert det berre gitt tilskot etter søknad frå hovudlag. Alle søknader som gjeld undergrupper må koordinerast i éin søknad.

I tillegg til lag og organisasjonar, kan det gjevast støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Følgjande kan ikkje få støtte:

- Støtteforeiningar
- Politiske parti
- Organisasjonar som har som viktig del av verksemda å samla inn midlar til andre føremål
- Organisasjonar som primært ivaretar medlemmane sine yrkes- og økonomiske interesser
- Pasientorganisasjonar
- Organisasjonar som ikkje er opne for alle i målgruppa
- Kommersielle føretak
- Kommunale, fylkeskommunale eller statlege institusjonar/anlegg

## 3. Typar tilskot

### a) Driftsmidlar til lag og organisasjonar

Tilskotet skal dekkja driftsutgifter til lag og organisasjonar som administrasjon, leige av lokale, instruktørutgifter og andre løpande utgifter. Det vert ikkje gjeve driftstilskot til lag som har som einaste formål å drifta lagshus.

Det vert gjeve driftstilskot til lag innfor kategoriane:

- a. Idrett (minst 45 %)
- b. Song og musikk (minst 35 %)
- c. Andre kulturaktivitetar (10-20 %)

Inntil 10 % kan takast frå kategori c ) Andre kulturaktivitetar dersom det kjem inn færre søknader enn normalt i denne kategorien eller det av andre grunnar er openbart at lag innan idrett eller musikk får mindre enn rimeleg i høve til kriteria i punkt 5.

Før tilskotet vert utbetalt er det krav om det skal liggja føre:

- Revidert rekneskap for føregåande år
- Vedtatt årsmelding for føregåande år

Driftstilskot frå Radøy kommune skal ikkje utgjera meir enn 50 % av laget sine totale utgifter. Rekneskapet frå føregåande år vert lagt til grunn.

Tilskotet fell bort om krava til søknaden ikkje er oppfylt innan utgangen av søknadsåret.

Søknadsfrist for driftsmidlar frå Radøy kommune er 30. april.

## **b) Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg**

Det kan gjevast tilskot til:

- Investeringar i egne kulturbygg og -anlegg
- Kjøp av utstyr og materiell til egne kulturbygg og -anlegg

Søknaden skal innehalda:

- Oversikt over organisasjonen sin aktivitet
- Grunngeving for investeringar/kjøp av utstyr
- Revidert rekneskap for siste år
- Budsjett og finansieringsplan for tiltaket

Midlane vert utbetalt etter fullført investering. Om ikkje anna er avtalt fell tilskotet bort om tiltaket ikkje er realisert i løpet av søknadsåret.

Søknadsfrist er 30. april. Om det er midlar att, vert desse lyst ut med søknadsfrist 15. september.

## **c) Aktivitets- og prosjekttilskot**

Tilskot kan gjevast til opne kulturarrangement og -prosjekt, og til innkjøp av utstyr. Arrangement og prosjekt som er nyskapande, vert prioriterte. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som:

- Underskotsgaranti
- Direkte tilskot

Søknaden skal innehalda:

- Skildring av tiltaket/prosjektet
- Budsjett for tiltaket
- Finanseringsplan

Tilskotet vert utbetalt etter at tiltaket er gjennomført. Om ikkje anna er avtalt, fell tilskotet bort om tiltaket ikkje vert realisert innan seks månader.

Søknadsfrist heile året.

#### **d) Leiaropplæring**

Det kan gjevast støtte til lag og organisasjonar til å dekkja utgifter til relevante kurs for leiarar, styremedlemer, trenarar og instruktørar i laget. Med relevante kurs meiner ein at kurset skal ha tilbakeføringsverdi til laget. For kurs som vert arrangerte utanfor kommunen, kan det gjevast støtte til maks tre personar frå kvart lag eller organisasjon.

Søknaden skal innehalda

- Skildring av kurset og kva tilbakeføringsverdi kurset har
- Budsjett for tiltaket

Tilskot vert utbetalt til laget mot dokumentert betalt kursavgift og kort rapport frå kurset.

Søknadsfrist heile året (frå 2017).

#### **e) Tilskot til idrettsanlegg**

Det vert gjeve tilskot til idrettsanlegg i kommunen som er eigd av lag og organisasjonar. Tilskotet vert fordelt utan føregåande søknad etter fastsett fordelingsnøkkel.

Det vert utarbeidd eigne retningsliner for deling av tilskot til idrettsanlegg.

#### **f) Støtte til utøvarar på nasjonalt og internasjonalt nivå**

Radøy kommune kan i heilt særskilde tilfelle gi støtte til utøvarar som er heimehøyrande i kommunen, anten einskildpersonar eller grupper, på elitenivå nasjonalt og internasjonalt innan idrett eller musikk.

Støtte kan også gjevast som stipend til unge, lovande einskildutøvarar etter oppnådde resultat primært på nasjonalt og internasjonalt juniornivå.

Søknadsfrist heile året.

#### **4. Krav til søknader**

I tillegg til krava til dokumentasjon som er nemnde under kvar einskild søknadsordning, gjeld følgjande krav til alle søknadsordningane:

- a) Alle søknader skal leverast på gjeldande skjema. Om ein søker på fleire av ordningane, skal det fremjast separate søknader.
- b) Søknadsfristar må haldast for at søknaden skal verta vurdert.

#### **5. Vurderingskriterium**

Søknadene i tilskotstype a ) – d ) vert vurderte ut frå følgjande kriterium:

- a) Aktivitetar for born og unge vert prioriterte. Ein person vert rekna med i gruppa born og unge til og med det året han/ho fyller 20 år. I tillegg skal aktivitetar som femnar om menneske med nedsett funksjonsevne og tiltak som fremjar integrering prioriterast.
- b) Føringer i gjeldane kommunalt planverk vert lagt til grunn.
- c) Nasjonale føringer/retningsliner vert vektlagt i vurderinga.

For tilskotstype a ) driftstilskot vert i tillegg følgjande kriterium lag til grunn:

- a) Tal på medlemer busette i Radøy kommune. Born og unge vert vekta høgare enn vaksne medlemer.
- b) Aktivitetsnivå (planlagde og gjennomførte aktivitetar).
- c) Driftsutgifter og -inntekter. Det vert vektlagt positivt at laget har kontingent for medlemer.

Alle som mottar kulturmidlar i Radøy kommune må akseptera ordninga med ledsagarbevis.

#### **6. Sakshandsaming**

Kunngjering

Alle tilskotsordningar skal gjerast kjend på kommunen sine nettsider, på sosiale medium og i lokalaviser minst fire veker før søknadsfristen. Det skal gjerast kjend kor mykje som er til fordeling.

### Handsaming:

Kommunestyret vedtar rammene for kulturmidlar kvart år i budsjettet.

- Tilskotstype a ): Rådmannen har fullmakt til å fordela midlar innanfor vedtatte rammer og ovannemnde retningsliner
- Tilskotstype b ), c ) og d ) : Rådmannen har fullmakt til å tildela midlar innanfor vedtatte rammer og ovannemnde retningsliner innanfor tilskotstypene. Søknader som overstig 10 000 kroner skal formannskapet ha til handsaming med innstilling frå rådmannen. Rådmannen har fullmakt til å avslå søknader som ikkje fell inn under vilkåra i retningslinene.
- Tilskotstype e ): Formannskapet gjer endeleg vedtak for etter innstilling frå rådmannen og uttale frå idrettsrådet.
- Tilskotstype f ) Rådmannen fullmakt til å tildela midlar innanfor vedtatte rammer og ovannemnde retningsliner. Søknader som overstig 10 000 kroner eller støtte som skal gjevast over fleire år, skal formannskapet ha til handsaming med innstilling frå rådmannen. Rådmannen har fullmakt til å avslå søknader som ikkje fell inn under vilkåra i retningslinene.

Alle aktuelle søknader skal sendast på høyring til idrettsrådet, musikkrådet og ungdomsrådet når søknadsfristen er ute eller så snart søknaden er motteken.

Tilsagnsbrev vert sendt til søker så snart vedtaket er gjort. I tilsagnsbrevet vert kriteria for utbetaling spesifisert. Det skal opplysast om høve til å klaga.

## **7. Utbetaling**

Driftsmidlar vert utbetalt så snart vedtaket er gjort og krava til søknaden er oppfylt.

Tilskot i kategoriane a ) – d ) vert utbetalt når tiltaket/aktiviteten er slutført.

Tilskot i kategori e ) og f ) vert utbetalt så snart vedtaket er gjort.